

Ferdigheit:	Å gjere det trygt å ha ulike meiningar
	• Kven her har opplevd å meine noko heilt anna enn dei ein var saman med – og å vere skikkeleg ueinige om noko? (Rekk opp handa sjølv også) • Korleis kjennest det å meine noko anna enn dei andre? • Kva reaksjonar frå andre kan kjennast vonde når ein er ueinig? Fortel: Det er både vanleg og bra at vi har ulike meiningar om ting, slik skal det vere også her i klassa vår. Når vi oppdagar at vi er veldig ueinige kan det kjennast vanskeleg og skummelt, men vi kan likevel reagere på måtar som gjer at det kjennest trygt å ha ulike meiningar – så det skal vi trene på i dag.
	Kvifor er det lurt å gjere det trygt å ha ulike meiningar? Kven er det bra for? • Bra for meg/deg: – fordi det også kan vere vi som er ueinige med fleirtalet av og til! • Bra for oss: – fordi vi får det betre saman og lærer meir!
	Kva tenker de er lurt å seie eller gjere når ein oppdagar at nokon har andre meiningar? Dette er ofte lurt og hjelpesamt når nokon meiner noko anna enn deg: 1. Lytt til det dei seier og prøv å forstå kva dei meiner, vis eit vennleg og interessert ansiktsuttrykk også om du er ueinig. 2. Finn ut om de er nøydde til å bli einige om noko, eller om det er heilt greitt å vere ueinige. 3. Om de ikkje må bli einige kan du seie ting som dette på ein hyggeleg måte: «Eg forstår vi er ueinige og det går fint.» «Det meiner du, og eg meiner noko anna.» «Eg trur eg forstår kva du meiner, men eg er ikkje enig med deg.» «Vi treng ikkje meine det same om alt.» 4. Om de må bli einige om noko må de finne eit kompromiss: «Vi er ueinige om dette, men vi må finne noko vi begge/alle kan gå med på – kva kan det vere?»
	1. Samarbeid og prøv å vise korleis ein ser ut når ein lyttar på ein god måte. 2. Prøv dei ulike setningane ein kan seie, og finn ut kva som kan passe for deg. Eller kva du helst ville at andre skulle sagt til deg. 3. Rollespel nokon som er ueinige om noko, og blir einige om at det er greitt å ha ulike meiningar! Eller nokon som må finne eit kompromiss.
	Framover skal vi prøve å gjere dette når vi oppdagar at vi har ulike meiningar.